



Arkivnr: 2015/11179-55

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Bestilling av forvaltningsrevisjon

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 70/18 i møte 27.08.2018:

«Kontrollutvalet godkjenner revidert plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 slik den ligg føre.»

Av den reviderte planen går det fram at i prioritert gruppe er desse 12 prosjekta sett opp i prioritert rekkefølge:

1. Oppfølgingstenesta (OT)
2. **Bybanen utbygging**
3. Psykososialt læringsmiljø
4. Innkjøp
5. Utarbeiding, inngåing og oppfølging av kontraktar knytt til samferdsel
6. Informasjonstryggleik
7. Beredskap på veg 2
8. Etterleving av barnekonvensjonen
9. Transporttenesta for forflytningshemma (TT-ordninga)
10. Etikk, habilitet og fullmakter
11. Krav til timetal i vidaregåande opplæring
12. Økonomistyring og etterleving av budsjett i skulane

Drøfting:

Kontrollutvalet har bestilt desse forvaltningsrevisjonsprosjekta som er under arbeid:

- Fråfall i vidaregåande skular – TING 12.12.2018
- Kulturminneforvaltning – Frist rapport 21.01.2019
- Bybanen utbygging – Frist rapport 30.04.2019

Dersom noverande kontrollutval skal bestille fleire forvaltningsrevisjonar i denne valperioden må det gjerast i dette møtet. Det er viktig at arbeidet vert ferdig slik at revisjonsrapport kan handsamast av noverande fylkesting i god tid før utgangen av 2019. Kontrollutvalet bør difor vurderer kva prosjekt som skal setjast i bestilling. Kontrollutvalet skal for det første velja det eller dei nye prosjekta for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Her bør utvalet ta omsyn til at revisjonsprosjekta skal ha nytte for nye Vestland fylkeskommune.

Sekretariatet er kjend med at kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune bestilte ny forvaltningsrevisjon i møte 20.11.2018 der det vart gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet vedtek å bestille forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik.»

Av saksutgreiinga til denne saka går det m.a. fram dette:

«Prosjektet Informasjonstryggleik er eit prosjekt som kan vere eit fellesprosjekt med Hordaland, og må i så fall koordinerast med utvalet der. Prosjektet er i planen deira med prioritet nr. 6.»

Når utvalet har bestemt kva prosjekt dei vil bestilla, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrensa prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar som ein vil at revisor skal finna svar på.

I dette arbeidet kan utvalet dra veksling på omtale av dei aktuelle prosjekta, slik det kjem fram i revidert plan for forvaltningsrevisjon punkt 2.1:

Prioritet	Prosjekt	Tema
1.	Oppfølgingstenesta (OT)	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar for oppfølgingstenesta • Kompetanse og ressursar • Kvalitet i arbeidet
3.	Psykososialt læringsmiljø	<ul style="list-style-type: none"> • Førebygging • Kartlegging • Oppfølging
4.	Innkjøp	<ul style="list-style-type: none"> • Kontrollrutinar ved innkjøp • Regeletterleving • Konkurransetsetjing • Avtalelojalitet • Fullmaktsstruktur
5.	Utarbeiding, inngåing og oppfølging av kontraktar knytt til samferdsel	<ul style="list-style-type: none"> • Organisering og rutinar • Kompetanse og ressursar • Oppfølging og kontroll
6.	Informasjonstryggleik	<ul style="list-style-type: none"> • Styringssystem • System og rutinar • Oversikt over personopplysningar

Konklusjon:

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål, definering og avgrensing av prosjekt.

Neste møte i kontrollutvalet er fastsett til 11.02.2019. For å sikre at arbeidet med ny forvaltningsrevisjon vert starta opp så fort som råd er vert det tilrådd at utvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenne forslag til prosjektplan frå Deloitte før neste møte.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 07.01.2019.
4. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.
5. Prosjektplanen vert lagt fram for kontrollutvalet til orientering i møte 11.02.2019.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.